

# Gjevre, Odde & Vårdal

HUSKLUGUMT



Første gongen vi var saman som gruppe var i ei garderobe bak dansescena på landskappleiken på Røros i 2017. Inge hadde meldt seg på for å spele til dans og ville ha med seg nokre gode vener på scena. Mads Erik og Vegar dukka opp, den eine med trekkspel og den andre med hardingfele. På scena gjekk vi, og med det var starten sett. Sjeldan har ein høyrte desse tre instrumenta i samspel, særleg ikkje med base i folkemusikken frå Nord-Gudbrandsdalen. I tillegg tek vi med eigne komposisjonar, både lyarslåttar, livlege polkaer eller merksnodige springleikar.

Med deltaking på fleire kappleikar dei siste åra, og med gode plasseringar, fann vi ut at vi måtte spele inn repertoaret vårt. Så her sitt dykk med resultatet av samspelet vårt, og vi håpar at dansefoten får svinga seg.

*Inge, Mads Erik & Vegar*



FOTO: METTE VÅRDAL

#### 1. Springleik etter Jakob Skogum

Ein râté lugum springleik etter Jakob Skogum (1923–2013), som vi har lært av Leif Inge Schjølberg.

#### 2. Maestro Haugens vals

Av Inge Gjevre, tileigna toradar-spelemannen Olav Haugen frå Garmo. Olav lærde mykje av ein av durspelkjeldene i Nord-dalen, Sigurd Biløygard (1917–2012), og denne leiken er inspirert av den briljante måten Olav læt på, og dei melankolske komposisjonane til Sigurd.

#### 3. 20 års lykke

Denne slåtten laga Vegar til sin gode venn Patrik Andersson Tidman og kona Jenny Tidman Andersson. Tittelen speglar kor lang tid det tok for dei å få ut fingeren for å gifte seg.

#### 4. Husklugumt

Denne skotsken laga Mads Erik før ei øving med trioen hausten 2018. Inspirert av dei småe skotskane frå heimlassen Garmo vart det «Husklugumt».

#### 5. Postpåskehalling

Ein sein kveld i slutten av påska 2018 satt vi alle tre heime hjå Mads Erik og prøvde å finne ein halling som kunne fungere godt i trioen. Vi fann ingen som passa oss godt nok, og enda opp med å lage ein sjølv.

#### 6. Ein ekte spelmeinn

Springleik av Inge Gjevre, tileigna slåttesmed, spelemann og humør-spreiar Kristian Gården (1924–2017) frå Vågå.

#### 7. Skotsk etter Endre Gjevre

Endre Gjevre (1896–1979), Inge sin bestefar, let på hardingfele og torader. Runddansleikane frå Vang i Valdres var ofte rytmiske og enkle i forma. Denne leiken har Inge lært av onklane Kjell og Sverre Gjevre.

#### 8. Vals etter Jakob Skogum

Dette er ein sær sars artig vals som vi óg har etter Jakob. Her set vi melodien i fokus, og let den tale for seg.

#### 9. I Garmoskyrkjun

Hans W. Brimi (1917–1998) har laga mange fine slåtтар, og dette er ei perle som sjeldan blir spela. Mads Erik har skrivne arrangementet.

#### 10. Springleik etter Arnfinn Uppheim

Arnfinn Uppheim (1908–1973), og broren Ola Opheim (1920–2003), var frå Skogbygda i Vågå. Hans H. Holen (1930–2011) vann landskappleiken på Oppdal i 1974 med denne springleiken.

#### 11. Glasauga

Reinlender av Inge Gjevre. Einar Pettersen, bestefar til Inge sin sambuar Marthe, var bilmekaniker. Han hadde glasauga og var ein skøyar. Det vart fortalt at om han spelte kort og måtte på do, så tok han ut glasauga, la det på bordet og sa: «Itte juks, for e ser døkk».

#### 12. Rassbeillføre

Masurka av Inge Gjevre. Ein fin vårdag, på veig opp Ruste på Sel, kom Inge plutselig over på eit «humpåt» føre. Dette føre kan minne om dei kroppsdelane vi har frå korsryggen og nedover. Artigt var det når karane lærde seg leiken og omtala tredje veket som: «Någå så brøkjåt».

#### 13. Springleik II etter Jakob Skogum

Storspelemannen Jakob, ein av 7 felespelande brør på Lalm, likte godt å spele slåtтар med særeigen rytmikk og tonalitet. Da Ta:lik gav ut CD-en «Skogumsbrørne – slåttespel frå Gudbrandsdalen» fortalte Jakob at han ikkje likte den nye stilen med at alle spela likt: «Det er ikkje slik som med dei gamle spelemennane. Dei hadde alle sin eigen stil».

#### 14. Reinlender etter Ola Kampen

Eit stort antal leikje i Vågå er «etté Kampé» (Ola Kampen, 1863–1945). Heldige var ungpiltane i Vågå som fekk lære mykje av dette stoffet på kurs med Vågå Toradergruppe.

The first time we were together as a group was in a dressing room backstage at Landskappleiken (Norway's annual national folk music and dance competition) in Røros in 2017. Inge had signed up to play for dance and wanted to bring some good friends on stage with him. Mads Erik and Vegar showed up, one with an accordion and the other with a Hardanger fiddle. On stage we went, and with that we had begun. These three instruments have seldom been heard together in an ensemble, particularly not in an ensemble that focuses on folk music from northern Gudbrandsdalen. We also play our own compositions, whether they are listening tunes, lively polkas or unusual springleik tunes.

After participating in several kappleikar in recent years with good results, we decided that we had to record our repertoire. So now you're sitting with the result of our work as a trio, and we hope it gets your feet tapping.

*Inge, Mads Erik & Vegar*



### 1. Springleik etter Jakob Skogum

A very nice springleik tune after the playing of Jakob Skogum (1923–2013) that we learned from Leif Inge Schjøberg.

### 2. Maestro Haugens vals

Written by Inge Gjevne, dedicated to diatonic button accordion (toradar) player Olav Haugen from Garmo. Olav learned a great deal from Sigurd Biløygaard (1917–2012), who was one of the great sources for button accordion music in northern Gudbrandsdalen, and this tune is inspired by the brilliant way Olav played, as well as by Sigurd's melancholy compositions.

### 3. 20 års lykke

Vegar wrote this tune for his good friend Patrik Andersson Tidman and his wife Jenny Tidman Andersson. The title reflects the amount of time it took for them to get a move on and get married.

### 4. Husklugumt

Mads Erik wrote this polka (skotsk) before a rehearsal with the trio in the fall of 2018. The tune is called "Husklugumt", inspired by the short polka tunes from his home town of Garmo.

### 5. Postpåskehalling

One late evening at the end of Easter in 2018 all three of us were sitting in Mads Erik's home trying to find a halling that could work well for the trio. We couldn't find one that suited us well enough and ended up making one ourselves.

### 6. Ein ekte spelmeinn

A springleik by Inge Gjevne, dedicated to the cheerful tunesmith and fiddler Kristian Gården (1924–2017) from Vågå.

### 7. Skotsk etter Endre Gjevne

Inge's grandfather, Endre Gjevne (1896–1979), played Hardanger fiddle and toradar. The couple dance (runddans) tunes from Vang in Valdres are often rhythmic and simple in form. Inge learned this tune from his uncles Kjell and Sverre Gjevne.

### 8. Vals etter Jakob Skogum

This is a very fun waltz that we also learned in a form after the playing of Jakob. We put the melody in focus and let it speak for itself.

### 9. I Garmoskyrkjun

Hans W. Brimi (1917–1998) wrote many fine tunes, and this is a gem that is seldom played. Mads Erik wrote the arrangement.

### 10. Springleik etter Arnfinn Uppheim

Arnfinn Uppheim (1908–1973) and his brother Ola Opheim (1920–2003) were from Skogbygda in Vågå. Hans H. Holen (1930–2011) won Landskappleiken in Oppdal in 1974 with this springleik tune.

### 11. Glasauga

A reinlender by Inge Gjevne. Inge's partner Marthe's grandfather, Einar Pettersen, was a car mechanic. He had a glass eye and was a comedian. It was said that if he was playing cards and had to go to the toilet, he took out the glass eye, put it on the table and said: "Don't cheat, because I can see you."

### 12. Rassbeillføre


A masurka by Inge Gjevne. One fine spring day on the way to Ruste in Sel, Inge suddenly encountered "bumpy" conditions. These conditions are reminiscent of the body parts we have below our lower backs. It was funny when the guys learned the tune and referred to the third section as: "So difficult."

### 13. Springleik II etter Jakob Skogum

The great fiddler, Jakob, one of seven fiddle-playing brothers in Lalm, liked to play tunes with distinctive rhythm and tonality. When Ta:lik released the CD "Skogumsbrørne – slåttespel frå Gudbrandsdalen", Jakob said that he did not like the new style of playing, in which everyone sounded the same: "It's not like with the old fiddlers. They all had their own style".

### 14. Reinlender etter Ola Kampen

A large number of tunes in Vågå are "after Kampé" (Ola Kampen, 1863–1945). The young boys in Vågå who got to learn much of this material at a course organized by Vågå Toradergruppe were lucky.

- 
1. Springleik etter Jakob Skogum
  2. Maestro Haugens vals
  3. 20 års lykke
  4. Husklugumt
  5. Postpåskehalling
  6. Ein ekte spelmeinn
  7. Skotsk etter Endre Gjevre
  8. Vals etter Jakob Skogum
  9. I Garmoskyrkjun
  10. Springleik etter Arnfinn Uppheim
  11. Glasauga
  12. Rassbeillføre
  13. Springleik II etter Jakob Skogum
  14. Reinlender etter Ola Kampen

Innspelt, mikset & mastra hos  
Tor Magne Hallibakken august & oktober 2019.  
Forsidemaleri: Kenneth Lien  
Foto: Mette Vårdal  
Engelsk tekst: Laura Ellestad  
Gitt ut med støtte frå Vågå Spel- og dansarlag og  
Gudbrandsdal Folkemusikklag.